

**Fra:** Jan Tørres Nordstrand  
**Sendt:** 13. desember 2018 07:28  
**Til:** KR-Postmottak  
**Emne:** Ny kyrkjeordning - Høyring

Kyrkjerådet

Høyringssvar ny kyrkjeordning frå Austevoll sokneråd/fellesråd  
Saka vart handsama i møte 11.12.18 og det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

## **Høyring- kyrkjeordning for Den norske kyrkja**

Austevoll sokneråd/fellesråd har følgjande merknader/synspunkter på høyringsutkastet til kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

### **Kapittel 1. Den norske kyrkja sitt grunnlag**

#### **§ 1 Kyrkja sitt læregrunnlag**

I gjeldande kyrkjelov §1 heiter det:

«Formålet med loven er å legge til rette forholdene for et aktivt engasjement og en stadig fornyelse i de avangelisk-lutherske folkekirke».

Denne føremålsparagrafen bør vidareførast.

#### **§ 4 Den norske kyrkja sitt oppdrag**

Her bør det supplerast med at kyrkja også har eit viktig samfunnsengasjement. Paragrafen bør også tydeleggjera at kyrkja i utføringa av sitt oppdrag også søker samarbeidet med friviljuge organisasjonar og lokale aktører.

### **§ 6 Organisering av Den norske kyrkja**

Paragrafen pressiserer at styring og leiing «skjer etter demokratiske prinsipper» og at dette «skjer på alle nivåer i et samvirke mellom valgte representanter, kirkens medlemer og representanter for Ord og sakrament».

I prosessen med ny kyrkjeordning synest det som om at det er «demokratiet» som er normen i Den norske kyrkja og ikkje Ordet/Bibelen, som kyrkja er tufta på. Dette opplevest som urovekkjande. Ordet og den evangeliske lutherske lære som rettesnor for Den norske kyrkja må koma klårt fram i ordninga.

### **Kapittel 2. Kyrkjeleg inndeling, kyrkja sine organ, medlemskapkyrkjelege registre og kyrkjeleg stemmerett.**

#### **§ 11. Tilhørigheit og medlemskap**

Her er ei endring i forhold til dagens vedtekter om kven som er lokal kyrkjebokførar. Vedtektta er endra frå «kirkebokføreren på bostedet» til «prest med ansvar for inn- og utmeldinger i vedkommende sokn».

Dette er ei unødvendig endring, som om prestane ikkje har nok å gjera på.

Dagens vedtekta bør vidareførast.

### **Kapittel 3. Virksomheten i soknet. Soknets organer og deres oppgavefordeling m.m.**

#### **§ 17. Utreden av menighetsrådet i valgperioden.**

Vedtak om utreden bør også kunna skje på grunnlag av seksuelle krenkelsar eller vold som er utført i tilknytning til verv eller teneste for soknerådet. Her bør vedtekta utvidast med henvisning til dei vedtekta som vert lagt til grunn i § 29 i politiregisterlova om barneomsorgsattest.

## Kapittel 4. Kirkebygg

### **§ 28 Forvaltningen av kirkene og begrensning av rådighet.**

Ei kyrkjeordninga bør klargjera kva som er kyrkjemøtet si grense for myndighetsutøvelse i forhold til sokna. Ei slik klargjering bør vera klar før kyrkjemøte vedtek ordninga.

## Kapittel 5. Regionale og sentrale organer.

### **§ 39 Bispemøtet**

§ 39 legg m.a. økt vekt på Bispemøtet som kollegialt tilsynsorgan. Dette kan tolkast slik at Bispemøtet, i større grad enn i dag kan binda einskilde biskopar i teologiske spørsmål. Biskopen sitt personlege tilsynsansvar for å tolka den evangelisk lutherske lære har lang tradisjon i Den norske kyrkja og bør ikkje endrast.

Vedteketene om bispmøte i kyrkjeordninga § 39 bør vidareførast slik dei er i dag i kyrkjelova § 26

## Kapittel 6. Forskjellige bestemmelser

### **§ 48 Adgang til å oppstille medlemskap i Den norske kirke for tilsatt og ombud.**

Formuleringa som vert tilrådd er uklar og vil vera vanskeleg å anvenda i stillingar der eit medlemsskapskrav vil vera sakleg begrunna i forhold til leiarstillingar og stillingar som er avgjerande for å tydeleggjera føremålet til Den norske kyrkja.

§ 47 fyrste del andre ledd bør endrast.

Ved tilsetjingar i Den norske kyrkja som er avgjerande for å tydeleggjera Den norske kyrkja sitt føremål, skal det setjast krav til medlemskap i Den norske kyrkja, slik det er høve til i likestillings- og diskrimineringslova § 30. Eit slikt grav må koma klar fram i utlysinga av stillinga.